

Osterøy kommune  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	23/08/2023
<b>Vår referanse</b>	2022/43785-5
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Jostein Aksdal
<b>E-post</b>	Jostein.Aksdal@vlfk.no
<b>Telefon</b>	90207124

## Kulturminnefagleg vurdering av landbruksveg - ny trase - gnr 29 bnr 7 konflikt med kulturminne - Hartveit - Hovden - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune viser til sak med etablering av landbruksveg Hartveit – Hovden. I samband tidlegare konfliktpunkt og omsyn til landskapet er det no lagt fram eit nytt forslag til landbruksveg.

Slik vegen er tenkt bygd unngår utbygger direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Det vart gjort ei felles synfaring mellom fylkeskommunen og Trygve Torsteinsen, Rådgjevar jordbruk, Norsk Landbruksrådgiving Vest SA. Me gjekk opp ei ny linje som kunne vera aktuell for å løyse omsyn til kulturminna. Strekket som det gjeld var då frå P 1600 til P 1850. Her skulle linja trekkast sørover inn mot eigedomsgrensa og få ei rettast mogleg linje.

Strekket som vart gått opp var då eit strekk som kryssa over daldraget i det som er i området mellom P 1900 - 1850 og skulle gå opp og over knausen. Ei slik løysing ville for vår del løysa konflikten med omsyn til kulturminna. Kart i noverande søknad viser likevel ei veglinje som dreier nordover ved P 1800 og ligg på ca. kote 130 i bratt lende ved kulturminnet. Veggen vil då ligge i overkant av gravminnet, med fyllingsfot ned mot fornminnet. Dette forslaget skil seg ikkje mykje i frå første forslag som me har avslått med tanke på nærføring og utilbørleg skjemming. Det er slik framleis konflikt med kulturminneinteressene i området.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan

**Jostein Aksdal**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*